

Styremøte ang Prosjekt Prestavikjo

Måndag 23.09.2024 kl 19:00 (møte nr 4 2024/2025)

Lokasjon: Personalrommet Vinjar Skule/Teams

Tilstades: Jon, Astrid, Tom, Haavard, Hege og Judith

Sak 29-24/25 Informasjon og framdriftsplan i Prosjekt Prestavikjo

Budsjettet er sett opp slik at kvart prosjekt er for seg, både med og utan mva.

Dugnadsverdien er oppgitt i kroner ut frå kva det hadde kosta å ha fagfolk til å gjera dei ulike jobbane. Dugnadsverdien som ligg inne samla sett er rundt 900.000. Dette er godkjent av Fylke.

Kort gjennomgang av vedlagt budsjett.

- Oppsette planar som ikkje har fått spelemiddel er midlertidig sett på vent.
Dette for å sikre at ein kjem i mål med dei andre prosjekta først.
- Tribunen ligg pr no under det som er budsjettet, og det som evnt blir til overs til slutt kan omdisponerast til andre prosjekt.
- Sandvolleyball og turnbasseng har fått litt lågare tilskot enn ønska grunna dei vart fullt godkjent og løyvd midler til før ein visste at ein kunne søke om midlar til lys. Desse prosjekta blir prioritert til sist av spelemiddelprosjekta.
- 9 av 10 spelemiddelprosjekt er godkjent av Fylke. Det er Frisbeegolf som ikkje er godkjent grunna her er ikkje planen for areal heilt klart.
- Når 3 'erbanar, Pumpeløypo og lys til kunstgrasbane er ferdigstilte i haust skal kommunen betale ut full finansiering. Dette sjekkar kasserar med kommunen. Erfaring frå tidlegare prosjekt er at ein revisor får alle billag og skriv ein rapport som fungerer som ein sluttrapport.
- Grill/benker/sitteområde må evnt gjennomførast til slutt. Desse midlane må pr no omdisponerast for å sikra at ein får fullført andre prosjekt.
- Asfaltert tursti blir gjennomført i to omgangar. Dette for å sikre at ein held seg innafor budsjett.
- Pumpeløypo og 3 'erbanane ligg no under budsjett, men det er fortsatt litt usikkert kva utgifta på lys blir.
- Lysanlegg som skal opp må førast på dei ulike prosjekta dei høyrer til. Her har ein rekna på areal etter anbefaling frå Fylke.
- Lydanlegg og resultattavle må dekkast av eigne midler, og dette blir også utsett til slutt.
- Universell tilkomst er ikkje eit spelemiddelprosjekt, då det etter dagens standard er ei sjølvfølge når ein bygger nytt.
- Oppgradering LED-lys rundt kunstgrasbanen var i utgangspunktet ikkje med i budsjettet. Dette er ei betydeleg ekstra utgift.

- Petanquebane er ikkje eit spelemiddelprosjekt grunna låg sum.
- Når alle prosjekta som ikkje er spelemiddelprosjekt er sett på vent har ein nok midlar til å få finansiert alle spelemiddelprosjekta.
- For å få gjennom alt blir det framleis søkt om midlar gjennom ulike stiftingar og bankar.
- Det er også spelt inn at meir kan forskotterast frå Kommunebudsjettet. Dette blir som eit lån, då kommunen er garantert å få det igjen når alt er ferdig.

Å handsama så mange spelemiddelprosjekt er nytt både for idrettslaget og kommune. Derfor har det vore litt prøving og feiling, og ein kunne nok ha henta ut noko meir spelemiddel dersom ein hadde visst alt ein veit i dag. Erfaringa både idrettslag og kommune nå skaffar seg er viktig å ta med seg vidare. Me opplever likevel at administrasjonen i kommunen har vore flinke til å hiva seg rundt og hjelpe slik at søkerne har blitt godkjente. Det har også vore veldig positivt å ha kontakt med Torstein Plener i Fylkeskommunen.

Sak 30-24/25 Godkjenning av bruk av SIL sine eigne midlar.

Kommunen utbetalet ikkje forskotteringen heilt slik som SIL tenkte i fyrste omgang. Det handlar om kombinasjonen av forskotteringsordninga på spelemidler og forskotteringa av mva.komp. som slo ut litt annleis enn SIL først tenkte. Det gjer den likvide situasjonen noko meir krevande.

I haust er det mykje som skal skje med tanke på grunnarbeid og asfaltering, og det kan hende at ein i ein periode må bruke litt av SIL sine eigne midlar medan ein ventar på at all forskotteringen skal komme inn.

Det er vanskeleg å estimere ein sum, men mest sannsynleg pluss/minus 200.000.

Styret vedtek at ein kan bruke inntil 250.000 Kr av eigne midlar for å få ferdigstilt arbeidet som er planlagt i haust. Blir summen større enn dette skal det innkallast til eit nytt styremøte.

Sak 31-24/25 Fullmakt og bestilling

Fullmakta gjeld dersom det skal betalast rekningar på over 75.000, Styreleiar har lov å attestere summer inntil 75.000. Over dette må heile styre signera og fullmakta vil da gjelde om ein følger føresetnaden i denne. På summar under 30.000 kr kan gruppeleiar attestere. Uansett sum må minimum 2 stk signera faktura ihht fullmaktmatrise.

Bestillinga gjeld det ein har uteståande hjå Uniqa. Det er laga ein avtale der SIL bind seg til å kjøpe alt, men at Uniqa går med på å utsette krav om betaling til midlar er på plass. Jon fører på tilbodsnummer og dato på bestillinga til Uniqa, så sender Haavard den vidare.

Begge forslaga frå leiar er godkjent av styret